

EIDE FJORDBRUK AS AVD VARALDSØY  
c/o Fyllingsnes Fisk AS, Eidestøa  
5640 EIKELANDSOSEN

Dykkar ref:  
Vår ref: 2016/167243  
Dato: 11.01.2017  
Org.nr: 985399077

Statens tilsyn for planter, fisk, dyr og næringsmidler

Mattilsynet

## EIDE FJORDBRUK AS - LOKALITET 26295 LANGØY - VEDTAK OM GODKJENNING

Mattilsynet viser til søknad om utviding av biomasse på lokalitet Langøy. Søknaden er oversendt frå Hordaland Fylkeskommune.

### Vedtak om godkjenning

**Mattilsynet godkjenner utviding av akvakulturlokalitet 26295 Langøy til ein produksjon på 4680 tonn MTB for oppdrett av matfisk av laks og aure.**

### Vilkår

**Det skal gjennomførast kontinuerlige oksygenmålingar på lokaliteten. Måling av oksygen skal gjennomførast i den merda og på den djupna verksemda vurderer at det er dårlegast levevilkår for fisken med omsyn til oksygen.**

***Dette løyvet er ikkje gyldig før Hordaland Fylkeskommune har gjeve sitt løyve etter Akvakulturlova.***

Vedtaket er fatta med heimel i forskrift om utvidelse av akvakulturanlegg mv § 5 Krav om godkjenning

### Saksopplysningar:

Eide Fjordbruk AS ("Eide") og Fyllingsnes Fisk A/S søker om godkjenning av utviding av lokalitet 26295 Langøy i Lindås kommune. Sidan innsending av søknad har Eide og Fyllingsnes fusjonert, og lokalitet Langøy ligg no under Eide Fjordbruk AS. Svar på søknaden vert difor berre sendt til Eide Fjordbruk AS.

Per dags dato er lokaliteten klarert for 3120 tonn MTB, og verksemda ynskjer å utvide biomassen til 4680 tonn MTB. Det er ikkje søkt om endring av anleggskonfigurasjon. Verksemda har opplyst i søknadsskjema at planlagd årleg produksjon vil vera om lag 7000 tonn, og at forventa fôrforbruk vil vera rundt 8400 tonn.

## **Geografisk plassering i forhold til akvakulturrelatert verksem**

Den omsøkte lokaliteten Langøy ligg ved sørvestleg breidde av Fensfjorden, i Lindås kommune. Anlegget er plassert ved Langøyna, utanfor Sundsbø. Det ligg ingen andre lokalitetar nærmere enn 5 km frå Langøy. Anlegget ligg om lag 6 km frå utløpet av Storelva (Natås), der det er oppgang av sjøaure. Det er ikkje fanga laks i denne elva i perioden 2003-2015. Av laksefisk er det hovudsakleg sjøaure som finst i fjorden, og som eventuelt vil kunne verte påverka av ei utviding av lokalitet Langøy.

## **Vassutskifting og straumforhold**

Målingar på 5, 15, 90 og 140 meter er utført av Rådgivende Biologer AS i perioden 04.05.-01.06.2016. Det vart nytta straummålar av typen Sensordata SD-6000.

### Overflatestraum - 5 meter

Hovudstraumretninga er søraust. Gjennomsnittsstraumen er 8,6 cm/s. Maksimumsmålinga er på 45,6 cm/s. Straummålingane visar at straumen er mindre enn 1 cm/s i 1,7 % av tida på denne djupna. Den lengste straumstille perioden (<1 cm/s) har vore på 2,2 timer på denne djupna. Hovudandelen straumstille periodar er under om lag 2 timer. Neumanns parameter er 0,232, som tyder på ein middels retningsstabil straum på denne djupna. Dette medfører ei effektiv straumhastigkeit på 1,99 cm/s. Vassutskiftinga er 7430 m<sup>3</sup>/m<sup>2</sup>/d.

### Vassutskiftingsstraum - 15 meter

Hovudstraumretninga er vest-sørvest og søraust. Gjennomsnittsstraumen er 9,1 cm/s. Maksimumsmålinga er på 36,2 cm/s. Straummålingane visar at straumen er mindre enn 1 cm/s i 8,8 % av tida på denne djupna. Rådgivende Biologer AS har oppgitt den lengste straumstille perioden på 8,8 timer. Neumanns parameter er 0,291, som tyder på ein middels retningsstabil straum på denne djupna. Dette medfører ei effektiv straumhastigkeit på 2,65 cm/s. Vassutskiftinga er 7862 m<sup>3</sup>/m<sup>2</sup>/d.

### Spreiingsstraum - 90 meter

Hovudstraumretninga er nordvest og søraust. Gjennomsnittsstraumen er 2,6 cm/s. Maksimumsmålinga er på 23,6 cm/s. Straummålingane visar at straumen er mindre enn 1 cm/s i 45,2 % av tida på denne djupna. Den lengste straumstille perioden er på 45,5 timer. Neumanns parameter er 0,147, som tyder på ein lite retningsstabil straum på denne djupna. Dette medfører ei effektiv straumhastigkeit på 0,38 cm/s. Vassutskiftninga er 2246 m<sup>3</sup>/m<sup>2</sup>/d.

### Spreiingsstraum - 140 meter

Hovudstraumretninga er nordvest og søraust. Gjennomsnittsstraumen er 2,1 cm/s. Maksimumsmålinga er på 8,2 cm/s. Straummålingane visar at straumen er mindre enn 1 cm/s i 33,6 % av tida på denne djupna. Den lengste straumstille perioden er på 20 timer. Neumanns parameter er 0,217, som tyder på ein middels retningsstabil straum på denne djupna. Dette medfører ei effektiv straumhastigkeit på 0,46 cm/s. Vassutskiftninga er 1814 m<sup>3</sup>/m<sup>2</sup>/d.

## Hydrografi

Det er også gjort hydrografimålingar av Rådgivende Biologer AS i samanheng med MOM C og strandsonekartlegging mai 2016. I rapporten står det at oksygeninnhaldet var normalt høgt i høve til temperaturen og vart målt til 9,1 mg/l på 1 m djup, noko som tilsvrar ei metting på 103 %. Oksygeninnhaldet auka til eit maksimum på 10,1 mg/l (107 %) mellom 12 og 13 meters djup, før det igjen minka til 7,9 mg O<sub>2</sub>/l (84 %) på 22 m djup. Vidare var det små variasjonar nedover i

vassøyla, og ved botn på 571 m djup var det eit oksygeninnhald på 7,0 mg O/I (75 %), eller 4,9 ml O/I. Oksygeninnhaldet i djupvatnet tilsvrarar tilstandsklasse I = "svært god".

### Miljøforhold

Søknaden er vedlagt fire miljøundersøkingar. Alle er gjennomført av Rådgivende Biologer AS:

- Januar 2016 - MOM B: tilstand 1 "meget god"
- Mai 2016 - MOM C og strandsonekartlegging: 3/4 stasjonar med tilstand "god", 1/4 stasjonar med tilstand "moderat", 2/2 strandsonetasjonar med tilstand "svært god".
- Juli 2014 - MOM B: tilstand 2 "god"
- Mai 2012 - MOM B: tilstand 1 "meget god"

### Dyrehelse og dyrevelferd, samt omsyn til villfisk og bekjemping av lakselus

Del av beredskapsplan og internkontrollsysteem er vedlagt søknaden, og har element som er tilpassa omsøkte lokalitet. Vidare er det lagt ved helseuttale frå tidlegare produksjonsleiar og fiskehelseansvarleg Arne Herre Staveland (no tilsett i Marine Harvest) angåande dei to førre produksjonssyklusane på lokaliteten (V13/V15).

For V13-generasjonen var det låg dødeleggheit frå utsett til slakt, 2,72 % (i følgje Altinn-registreringar var det 1,49 %). Det vart ikkje påvist spesielle diagnosar i løpet av denne produksjonssyklusen. Lokaliteten låg over lusegrensa i veke 1, 2 og 24 i 2014. Det var også 8 veker der det ikkje er rapportert lusetal i Altinn; veke 3, 6, 11-12, 16 og veke 31-33 i 2014 (lokaliteten vart slakta ut i veke 33, og det er tilte å unnlate luseteljing dei siste to vekene før utslakt).

For V15-generasjonen vart det registrert ei dødeleggheit på 7,9 % (Altinn-registreringar sei 3,39 %). Det vart påvist HSS på fisken, men elles ingen andre diagnosar. Årsaken til HSS-dødeleggelsen etter utsett var stor smolt som måtte opphaldast lenger enn planlagt i settefiskanlegget i påvente av at det nye anlegget på lokaliteten skulle bli klart for utsett. Elles er det oppgjeve at den største andelen av dødeleggheita er registrert i samanheng med avlusingar. Det har berre vore ei overskridning av lusegrensa under denne produksjonssyklusen, i veke 21 2016. Lusetal er sendt inn for alle veker under denne produksjonssyklusen, med unntak av dei to siste vekene før slakt. Mattilsynet er elles kjend med at verksemda ved eitt tilfelle har gått mot anbefalingar gjort av fiskehelsetenesta si (Fishguard AS) når det gjeld behandling av fisken i løpet av 2016.

### Mattilsynet vurderer dette slik:

Saka vert i hovudsak vurdert etter forskrift om etablering og utvidelse av akvakulturanlegg, zoobutikker m.m. Føremålet med forskriftena er å fremje god fiskehelse- og velferd. Etableringssaker vert også vurdert etter Naturmangfaldslova. Plassering av eit akvakulturanlegg i høve til andre verksemder og miljø i nærleiken har avgjerande betydning for førebyggjing, avgrensing og utrydding av smittsame sjukdomar. Produksjonsomfang og biomasse i anlegget spelar også ei rolle for sjukdomssituasjonen og eventuell smittefare.

### Geografisk plassering i forhold til akvakulturrelatert verksemd

I samsvar med retningslinjene til forskrift om etablering og utvidelse av akvakulturanlegg, zoobutikker m.m. er det ved etablering/utviding av sjøbasert matfiskanlegg over 3600 tonn MTB anbefalt ei minsteavstand på 5 km i sjø til anna akvakulturverksemd (med unntak av skjell). Det er likevel slik at for matfiskanlegg som er tilknytt definerte struktur- og driftsmodellar for grupper av akvakulturanlegg (grupper av anlegg eller smittehygieniske fellesområde) vil avstand kunne vurderast på annan måte. Ein slik modell vil forutsetje oppdrettsfrie område kring definerte grupper av akvakulturanlegg

med koordinert drift. Avstanden mellom anlegg innanfor slike område med koordinert drift kan vera forholdsvis kort, då smitterisiko vert rekna for å vera lågare mellom lokalitetar som koordinerer drifta si.

Lokaliteten ligg i eit fastsett smittehygienisk fellesområde (SFO), nr. 14 Masfjorden og Fensfjorden. Vedtak om oppretting av dette området vart gjort av Mattilsynet i 2013, i samarbeid med næringa. Lokalitet Langøy har felles brakklegging på minst 1 månad med alle dei andre lokalitetane i området, og ein får såleis "nullstilt" området etter kvart utsett. Dette gjer at konsekvensen av eit eventuelt sjukdomstilfelle i fjorden vil verte mindre, og ein unngår å halde på smitte til neste utsett. Sidan lokaliteten er ein del av eit slikt område, vil det difor vera akseptabelt at avstandane mellom Langøy og dei nærmeste lokalitetane er noko under dei anbefalte 2,5 km (som er ei anbefaling som gjeld for lokalitetar som ikkje har koordinert drift;brakklegging med omkringliggende lokalitetar). Dette er uansett ikkje ei problemstilling her sidan Langøy ligg over 5 km frå alle andre lokalitetar.

### **Vassutskifting og straumforhold**

God vassutskifting er viktig for å føre friskt, oksygenrikt vatn inn til fisken og for å fjerne metabolske avfallsstoff og smittestoff frå fisken. Vidare er jamm straum med lite stillstand svært viktig for å sikre fisken eit godt merdmiljø med nok oksygen. Ved lokalitet Langøy er det god vassutskifting i det området som fisken oppheld seg i merdane. Det er registrert lite stillstand på dei ulike djupna. Vidare er det positivt at anlegget er orientert på tvers av straumretninga. Dette gjer at ein legg best mogleg til rette for god vassgjennomstrøyming i anlegget. Likevel er det slik at ei auka i produksjon på lokaliteten vil krevje meir oksygen. Me vil difor setje vilkår om kontinuerleg måling av oksygen i anlegget slik at verksemda har oversikt over oksygentilgangen til fisken.

### **Miljøforhold**

Miljøundersøkingane som er gjort ved lokaliteten har vist god tilstand, og det ser ut til at lokaliteten har evne til å restituere seg etter ein produksjonssyklus. Dette tyder på at lokaliteten kan vera eigna til ein høgare produksjon enn i dag. Ein auka produksjon vil likevel kunne føre til ei auka akkumulering av organisk materiale under anlegget. Eide bør difor følgje nøye med utviklinga på lokaliteten, for å vurdere framtidig bereevne.

### **Dyrehelse og dyrevelferd, samt omsyn til villfisk og bekjemping av lakselus**

Resultat frå førre utsett på lokaliteten syner at det har vore låg dødelegheit. Det har også vore få overskridinger av lusegrensa. Som nemnt under saksopplysningane kjenner Mattilsynet til episodar der verksemda har gått på tvers av fiskehelsetenesta sine anbefalingar når det gjeld behandling mot lakselus, og dette er noko me ser alvorleg på. Det er viktig at verksemda brukar fiskehelsetenesta sin kompetanse, og at vurderingar som vert gjort av dyrehelsepersonell når det gjeld handtering av fisk og legemiddelbruk på lokaliteten vert teke til følgje. Dette er noko som vil vera aktuelt for oss å følgje opp på lokaliteten i framtida.

### **Naturmangfold**

I tillegg til forskrift om etablering og utvidelse av akvakulturanlegg, zoobutikker m.m er søknaden er også vurdert etter lov av 19. juni 2009 nr. 100 om forvaltning av naturens mangfold i høve til mogleg effekt på det biologiske mangfaldet, forureining av det ytre miljø og økologisk effekt. Dei miljømessige høva er vurdert ut frå tilgjengeleg kunnskap og registreringar i området. Det kan sjå ut som lokaliteten har bereevne for 4680 tonn MTB, men dette vil framtidige miljøundersøkingar kunne gje eit betre svar på. Det er ikkje kjend at området innheld nasjonale eller regionale viktige miljøverdiar som sannsynlegvis vil kome i konflikt med ei utviding av lokaliteten. Det er oppgang av

sjøaure i elv i nærleiken av lokaliteten, og risikoen for lusesmitte frå Langøy til denne villfisken er difor til stade. Basert på lusetal frå Langøy ved dei siste to produksjonssyklusane ser det imidlertid ut til at verksemda har hatt god kontroll på lusesituasjonen, og har stort sett klart å halde smittepresset nede. Det ser også ut som oppdrettsverksemda på lokaliteten har hatt lite påverknad på strandsona i nærleiken. Mattilsynet finn difor ikkje grunnlag for å avslå søknaden ut frå omsynet til det biologiske mangfaldet, økologisk effekt eller naturmiljøet elles. Vi finn heller ikkje grunnlag for å avslå søknaden ut frå føre-vår prinsippet, sjå naturmangfaldlova § 9.

Mattilsynet vil vurdere å trekke godkjenninga tilbake dersom de ikkje overheld vesentlege forhold i vilkåra for godkjenninga, eller dersom de ikkje oppfyller vesentlege krav i regelverket.  
De plikter å halde Mattilsynet orientert om kven som er ansvarleg for verksemda.

### **Sjå regelverk og rettar.**

Med helsing

Trine Hellan  
seksjonssjef

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og blir sendt utan signatur.  
Dokument som må ha signatur blir i tillegg sendt i papirversjon.*

Kopi til:  
HORDALAND FYLKESKOMMUNE REGIONALAVDELINGA, Postboks 7900, 5020 BERGEN  
FISKERIDIREKTORATET REGION VEST, Postboks 185 Sentrum, 5804 BERGEN  
Fylkesmannen i Hordaland - Landbruksavdelinga, PB. 7315, 5020 Bergen

Vedlegg:  
Regelverk og rettar  
Melding om rett til å klage over forvaltningsvedtak



## Regelverk og rettar

### **Heimel for tilsyn**

Mattilsynet har i samsvar med matlova § 23 og dyrevelferdslova § 30 heimel til å føre tilsyn og gjere nødvendige vedtak for gjennomføring av det som er bestemt av lova.

### **Du har rett til å få veiledning om regelverket**

Dette betyr at du kan kreve å få vite kva for regelverk som gjeld, kvar du finn regelverket og korleis ein skal forstå regelverket. Mattilsynet kan ikkje gje konkrete råd om korleis du skal oppfylle regelverket. Plikt til å rettleie følger av forvaltningslova § 11.

### **Klagerett**

Det er klagerett på enkeltvedtak. Fristen for å klage er tre veker etter at de har fått informasjon om vedtaket, jf. forvaltningslova §§ 28 og 29. De finn meir informasjon om klageretten i vedlegget Melding om rett til å klage over forvaltningsvedtak.

### **Aktuelt regelverk:**

- FOR 2008-06-17 nr 823: Forskrift 17. jun. 2008 nr. 823 om etablering og utvidelse av akvakulturanlegg, zoobutikker m.m (forskrift om utvidelse av akvakulturanlegg mv )
- Lov 19. des. 2003 nr. 124 om matproduksjon og mattrygghet mv (matloven )
- Lov 19. jun. 2009 nr. 97 om dyrevelferd (dyrevelferdsloven )



<b>Avsendar</b>	<b>Melding om rett til å klage over forvaltningsvedtak</b> (Forvaltningslova (fvl) § 27)	
Mattilsynet Avdeling Bergen og omland Felles postmottak, Postboks 383 2381 Brumunddal		
<b>Mottakar (namn og adresse)</b>	<b>Dato</b>	<b>Klageinstans</b>
EIDE FJORDBRUK AS AVD VARALDSØY c/o Fyllingsnes Fisk AS, Eidestøa 5640 EIKELANDSOSEN	11.01.2017	Mattilsynet, hovedkontoret

Denne meldinga gjev viktige opplysningar dersom De ønskjer å klage over vedtak De har fått melding om.

<b>Klagerett</b>	De har rett til å klage over vedtaket.
<b>Kven kan De klage til</b>	Klaga skal først sendast til avsendaren av denne meldinga. Dersom dette organet ikke endrar vedtaket som følge av klaga, vil ho bli sendt vidare til klageinstansen for avgjerd.
<b>Frista for å klage</b>	Klagefrista er 3 veker fra den dagen dette brevet vart motteke. Det er nok at klaga er postlagt innan fristen løp ut. Dersom De klagar så seint at det kan være uklårt for oss om De har klaga i rett tid, burde De gje opp datoén når denne meldinga vart motteke. Dersom klaga vert sendt for seint, kan ein sjå bort fra ho. Om De har særskilt grunn til det, kan De likevel søkje om å få forlenga klagefrista. De bør da i tilfelle nemne grunnen til forseinkinga.
<b>Rett til å krevje grunngjeving</b>	Dersom De ikke allerede har fått grunngjeving for vedtaket, kan De sette fram krav om å få det. Slike krav må setjast fram i løpet av klagefristen. Klagefristen vert i så fall broten av, og ei ny frist tek til å løpe fra det tidspunktet De mottek grunngjevinga.
<b>Innhaldet i ei klage</b>	Klagen skal nemne vedtaket som det blir klaga på, og den eller de endringane som er ønska. De bør også nemne grunngjevinga Dykkar for å klage og eventuelle andre opplysningar som kan ha innverknad på vurderinga av klaga. Klaga må være underteikna.
<b>Utsetjing av vedtaket</b>	Sjølv om De har rett til å klage, kan vedtaket vanlegvis bli gjennomført straks. Men De har rett til å søkje om å få utsatt iverksettinga av vedtaket inntil klagefrista er ute eller klagen er avgjort.
<b>Rett til å se dokumentene i saka og til å krevje rettleiing</b>	Med visse avgrensinger har De rett til å se dokumenta i saka, jf fvl §§ 18 og 19. De må i slike høve vende Dykk til det forvaltningsorganet som har sendt denne meldinga. Der kan De også få nærmare rettleiing om retten til å klage, om framgangsmåten ved klage og om reglene for sakshandsaminga ellers.
<b>Kostnader ved klagesaken</b>	De kan søkje om å få dekka utgifter til naudsynt advokathjelp etter reglane om fritt rettsråd. Her gjeld det normalt visse inntekts- og formuesgrenser. Fylkesmannens kontor eller advokaten kan gje nærmare rettleiing. Det er og særskilt høve til å krevje dekning for vesentlige kostnader i samband med klagesaka, til dømes til advokathjelp. Dersom vedtaket er blitt endra til gunst for klagaren, er det etter fvl § 36 og høve til å søkje dekning for vesentlige kostnader i samband med saka. Klageinstansen vil om nausynt orientere Dykk om retten til å krevje slik dekning for sakskostnadar.
<b>Klage til Sivilombudsmannen</b>	Det er og høve til å klage til Stortingets ombudsmann for forvaltninga (Sivilombudsmannen).

